


# Kyrkjetonar



**Go´ kveld**

**NYTT: Barnas side**

**5 år i Ecuador er over**

**KyrkjeNÆR:  
Rik på opplevingar**

**Slaveri**

# Open og inkluderande



Då pinsedagen kom, var alle samla på ein stad. Brått lét det frå himmelen som når ein sterk vind blæs, og lyden fylte heile huset dei sat i. Tunger, liksom av eld, viste seg for dei, skilde seg og sette seg på kvar og ein av dei. Då vart dei alle fylte av Den heilage ande og tok til å tala på andre tungemål etter som Anden gav dei å forkynna.

Apg. 2, 1-4

## Framsidedeilet:

Frå 5-klasse leir på Stemmestaden.  
foto; Kristin T. Skofteland

## Kyrkjetonar

Utgivar: Sokneråda i Bokn, Tysvær, Førresfjorden og Nedstrand sokn.

Fire nummer i året: mars, juni, september og desember

Redaktør: Ståle Hustoft, Espevik, 5560 Nedstrand. Mobiltelefon 900 26 142, e-post: hustoft@hustoft.net

Redaksjon: Anne Tove Øvrebø, Ingrid Hustoft Landro, Edvin Gjerde, Inger Magrethe Pedersen-Espevold

Post til redaksjonen kan også sendast: Kyrkjekontoret, 5570 Aksdal, telefon: 52 75 77 00, telefaks: 52 75 77 10

Girokonto: 0531.49.46091.

Frivillig kontigent: kr. 150,-

Kasserar: Børge Løype, 5574 Skjold. Telefon 52 76 21 22

Grafisk utforming: Ståle Hustoft

Medan Kyrkjetonar er i trykken vert det gjort ei grunnlovs- endring som "ryddar opp i relasjonen mellom stat og kyrkje her i landet." (sitat;kirken.no) I etterkant kjem endringar i Kyrkjelova.

Leiar i Kyrkjerådet, Svein Arne Lindø, sa i NRK 20.mai at fokuset på Jesus vert større etter denne lovendringa. For mange av oss er dette ei etterlengta fokusering. Kritikkerane til lovendringa er redde for kva som kan koma til å skje i Kyrkja når politikarane losnar litt på det grepet som mange synest har vore klamt.

Ei open og inkluderande kyrkje er ikkje det same som ei grenselaus og utydeleg kyrkje. Både lærarar og foreldre har erfart at når ein er tydelege med kva ein står for får ein eit trygt forhold til ungar og ungdommar. Då kan ein også vera raus overfor dei som trør over grensene.

Dersom den nye kyrkjelova fører til eit tydeleg fokus på Jesus, betyr ikkje det at dei som kjem i kyrkja ved dåp, gravferd og i høgtider, treng å kjenna seg sett til sides.



Ein del kristne nyttar uttrykk og vendingar som kan høyrast ut som "gresk" for ein som ikkje kan det kristne "stammespråket. Dersom nokon kjenner at forkynninga i begravelse og på julaftan er truande, vert det lettare å forholde seg til eit daglegdags språk. Ei open og inkluderande kyrkje peikar på Jesus gjennom ord, ikkje mellom linjene.

## Takk

Etter soknerådsvalet i haust er no også det nye styret i Kyrkjetonar og den nye redaksjonsnemnda på plass. Takk for innsatsen til dykk som no tek ein pause. Ei særskild takk til Dag Olav Gaupås som har leia styret gjennom store endringar. I hans tid som leiar har ein snudd negative rekneskapstal til økonomisk handlingsrom for å trykka eit større blad, i fargar. Etter nokre år med problematisk distribusjon klarte Dag Olav å få på plass eit solid system av frivillige som sørger for god og rask distribusjon av bladet.

## Bladpenger

I dette nummeret er det lagt ved ein giro for innbetaling av bladpenger. Vi er takknemlige for alle som er med på å støtta arbeidet med Kyrkjetonar.

Ståle Hustoft

redaksjonen avslutta 20. mai 2012

redaktørens hjørne



## Go` kveld i Aksdal kyrkje

av Kjersti H. Lofthus og Greta S. Elverhaug

Torsdag 19. april hadde vi virkelig en Go` kveld i Aksdal kyrkje. Vokalensemblat Amateur hadde konsert sammen med dyktige musikere.



Kvelden startet med en god kveldsmat som bestod av deilige salater akkompagnert med liflig prat rundt bordene. Gode og mette gikk vi inn i kirkerommet, senket skuldrene og tok imot.

Berit Johanne Folkedal, (trompet), Arnfinn Tobiassen (piano og orgel), Gaute Sanson (bassgitar) og Gunnar Helge Sjøen (slagverk) åpnet konserten med gamle salmer og sanger i ny utforming, både i rytmer og toner. Spannende og vakkert.

Vokalgruppa Amateur som blir ledet av Erling Brathole, sang et variert program for oss, fra gamle salmer a` cappella til Sigvart Dagsland og Ole Paus. Innholdet i sangene ga oss et lite stykke himmel. Det virket ikke mye Amatørmessig for oss som satt og lyttet. Ensemblet består av dyktige sangere som både har sine spesialiteter, men som også står fram som en flott og balansert helhet. Vi hører dem gjerne igjen!

Go` kvelder i Aksdal kyrkje håper vi er kommet tilbake for å bli. Vi ønsker at det skal være et sted for å senke skuldrene og ta imot, og et sted for å møte andre og kjenne på godt felleskap.

Har du noen gode forslag eller ønsker til program så tar vi gjerne imot gode tips for Go` kvelder fremover. Ta kontakt med Greta S.Elverhaug eller Kjersti H. Lofthus på kyrkjekontoret.

## Kyrkja i Tysvær

Bokn, Tysvær, Førresfjorden og Nedstrand sokn

Telefon\*: 52 75 77 00

Internett: www.tysvaerkirken.no

E-post: kyrkja@tysver.kommune.no

Kyrkjekontoret for Bokn, Tysvær og Førresfjorden sokn

telefaks: 52 75 77 10

åpningstid: tirsdag, onsdag og torsdag kl. 10 - 13

Kyrkjekontoret for Nedstrand sokn

telefaks: 52 75 77 21

åpningstid: tirsdag - fredag kl. 9 - 12

## Sokneprest Arne Aurdal

Tysvær og Bokn sokn, Aksdal Kyrkje  
Mobiltelefon: 93 415 402

## Sokneprest Bård Egil Dyrhol

Sokneprest Dag Tormod Milje  
Mobiltelefon: 934 15 401

## Kateket Marit Sofie Teistedal Vikre

Tysvær soknehus, telefon: 52 77 11 88,  
mobiltelefon: 481 35 457

## Diakon Kjersti Hjelmervik Lofthus

Aksdal Kyrkje, mobiltelefon: 48 891 427

## Trusopplæring: Kyrkjenær

Leiar: Kristin Trageton Skofteland

medarbeidarar:

Nedstrand: Ingrid Hustoft Landro

Tysvær: Marit Sofie Teistedal Vikre

Førresfjorden: Kari Undheim

Bokn, Førresfjorden og Nedstrand: Greta

Elverhaug Skorpe

Telefon: 52 75 77 00\*

## Organistar

Kari Undheim, telefon 52 77 38 37  
Stein Johannes Kolnes, mob. 90 918 088  
Gunn Bergvold Larsen,  
Bokn sokn tel.: 52 83 20 04

## Kyrkjeverje

Tysvær kommune: Terje Fjeldheim

Mobiltelefon: 93 415 404

Bokn kommune: Svanhild Alvestad

Mobiltelefon: 93 415 440

## Kyrkjetonarar

Tysvær sokn: Ingebrigt Lundervold

Mobiltelefon: 40 411 889

Førresfjorden sokn: Målfrid Høie

Telefon: 52 77 36 88

Bokn sokn: Odd Grønnestad

Telefon 52 74 84 03

Nedstrand sokn: Steinar Nordeide

Mobiltelefon: 93 415 403

Skjoldstraumen: Barbara Stølvik

Telefon 52 77 92 78



## Matt.6.kap 25 – 34

av Klara Espevoll

Jesus seier «Vær ikkje bekymret for livet deres, hva dere skal spise eller hva dere skal drikke, og heller ikkje kroppen, hva dere skal kle dere med. Er ikkje livet mer enn maten, og kroppen mer enn klærene!» Jesus som var Guds egen sønn var så menneskeleg så han visste at me menneske bekymrar oss for slike ting og andre dødelege ting, Me er veldig flinke til det. Og ofte så har det vore unødige bekymringar, som ein gjer større enn dei er, og som regel så møter med dei ikkje heller. «Sjå på liljene på marken, de vokse opp av ingenting og fuglane i lufta, de verken sår eller høsta eller samla. Likevel gir deres Far i himmelen dem mat. Er ikkje dere av større verdi enn dem?»

Ja, Gud har lova og koma den til hjelp som ber han. Han elsker oss med evig kjærleik. Han elska oss så høgt at han gav den einaste son han hadde til frelse og forsoning. Han vil det beste for oss.

Han vil at me skal koma til Jesus med våre bekymringar og alt det som tynger oss.

I Peters brev 5,7 står det at me skal få «kasta all vår bekymring på Ham, for Han har omsorg for dere». Det har eg personleg fått opplevd at det går an og kaste all vår bekymring på Han. I ein vanskeleg periode i mitt liv fekk eg det verset og gjorde slik det stod, og eg kjente verkeleg at byrdene blei lyfta av. Byrdene var der, men Jesus hadde tatt tyngden av mine skuldre og over på sine. Det blei så lett når byrden falt av, som det står i sangen.

Me er dei einaste av Guds skapningar som bekymrar seg. I vers 33 står det « Søk først Guds rike og Hans rettferdighet! Så skal det andre bli gitt dere i tillegg.» Tenk om alt anna kjem først? Skal gjerne ta en telefon, vaske gulv og vaske klede osv, så veit ein ikkje ordet av det før dagen er over, då er du så trøtt at det blir bare ei kort bønn, gjerne sovne ein før ein har fått sagt amen.

Søk først Guds rike. Noko av det verste truande foreldre kan oppleve er når barn og barnebarn gjer opprør mot Herrens vei. Mange har bekymring for barn og barnebarn som har vendt seg bort frå Gud. Guds ord gir trøst og håp i ein slik situasjon. Han forstår. Store deler av GT består av historia om Guds barn som er kome på avveier. Gud kjenner hjertesorga vår og Han lovar å føre barna tilbake. Han lovar at dei skal vende tilbake til den veien dei blei opplært til å gå som barn (ordspr.22,6) og at dei skal få fred når dei møter Han (Jes. 54,13) og han vil kjempa for oss til vi ser dei frelst (Es 49.25).

Salme 103,17 «Men Herrens trofasthet er fra evighet til evighet over dem som frykter Ham, og Hans rettferdighet når også til barnebarn.» Me kan be ut Guds ord, be konkret ut Guds ord. Når ein ber om sjelers frelse så ber me etter Guds vilje. For han vil at alle menneske skal bli frelst. Me kan med stort frimod kome til han i bønn og med takksigelse. Der kan me leggja av vår bekymring og han vil svare oss. Det er ikkje alltid me får det me ber om for Han veit kva som tenar oss til vårt beste. «Det er svar underveis, englar kjem med bud.»

Selv han alle dager nær vil være  
Han vil stå meg bi med råd og dåd.  
Hver en dags bekymring vil han bera  
Han som for sorger rår.  
Han bevarer alle sine kjære.  
Denne omsorg tok han selv på seg  
«Som din dag er, så skal din styrke være»  
Dette løftet har han gitt til meg.



# Vårbasar på Apeland bedehus

av Kari Nesse Hetland

24. april 2012:

**Lyst ute da basaren startet kl 1930 og lyst da den var ferdig. Basaren ble åpnet med den fine vårsangen, No livnar det i lundar. En sang som gir god beskrivelse av når skaperverket våkner og går mot sommer.**

Andakten var av Klaus Muff. Kjent etter mange år som evangelist og reiseleder i SI-reiser. Han snakket om den bortkomne sau. Hyrden hadde 99 sauer, men allikevel dro han på leiting etter den som ikke var kommet hjem. Muff sa videre at en sau som er kommet bort fra flokken er lettere å bli tatt av rovdyr. Det kan også være andre grunner. Den kan være falt i en bergsprekk eller på rygg (i ollvelta) og ikke istand til å komme på bena selv. Alle årsakene vil etter en tid være sauens sikre død.



Muff sammenlignet menighetens medlemmer som holder seg borte fra menigheten og hyrden (flokken

sin). Da kan livet bli vanskelig. Mennesket er mer sårbar av å stå alene, som sauene som er kommet bort fra flokken og hyrden.

Muff viste videre til hyrdens omsorg - slik er Jesus med oss, sa han.

Etter andakten ble det sunget; Ein fin liten blome. Så var det mat av alle slag og kaffi og mens praten gikk rundt bordene var det loddsalg og trekning av mange fine gevinster og inntekt til NMS sitt arbeid.

En fin vårkveld på Apeland Bedehus med ildsjeler som står på i arbeidet. Basar neste gang blir til høsten. Ta turen!



## Fellesgudstenester Tysvær/Bokn 2012

Dei siste åra har desse to kyrkjelydane gått saman om gudsteneste 1. Pinsedag i Tysvær kyrkja og friluftsgudsteneste på Loten søndagen etter. Dette er ein fin måte å ta del i eit fellesskap mellom gode naboar. Slik blir det i år og. Søndagane er 1. Pinsedag, 27.Mai. Og søndag 3. juni på Loten. Då vi fekk bruene vart det lett å ta turen over til kvarandre på denne måten.


Etter gudstenesta 1. pinsedag vert det og tradisjonen tru kyrkjekaffi i prestegardshagen i Tysværvåg.

Friluftsgudstenesta på Bokn er i den lune hagen til Leiv Våga på Loten. Han kjem nok til å fyra opp grillen dette året og, så ta gjerne med litt grillmat og kaffi på termos. Gudstenestene startar kl. 11.

Mange har vore her før og sett kor vakkert det er heilt sør på øya. Så får me vona at blå himmel, blått hav og vakre Ryfylkeøyar og fjell vert ramma om oss der ute denne gongen og.

Korleis har du det...  
**EIGENTLEG?**

Krisetelefon 815 33 300  
SOS-Melding: [www.kirkens-sos.no](http://www.kirkens-sos.no)

 **Kirkens SOS**  
EIT MENNESKE Å SNAKKE MED  
NÅR LIVET ER SOM VERST

**Neste nummer kjem i postkassen ca. 15. september**

**Frist for stoff til nr 3/2012: 31. august**

Send reportasjar, informasjon, møtetidspunkt o.l. til redaktør Ståle Hustoft, Espevik, 5560 Nedstrand. e-post: [hustoft@hustoft.net](mailto:hustoft@hustoft.net). Mob: 900 26 142

## Rik på opplevingar

**I Kyrkjener er me opptatt av at det skal vere kjekt og meningsfullt å komme på tilboda våre. Me vil at born, unge og familieane deira skal oppleve at kyrkja er ein plass for dei, og at me som jobbar der bryr oss om den enkelte. Me vil bygge relasjonar, bruer mellom generasjonar og mennesketypar, og sosiale nettverk, med eitt stort mål for det heile; å leie menneske nærare Kristus og Kyrkja.**

Tilbodet vårt er variert og spennande og famnar store deler av innhaldet i kristen tru og praksis. Pinsedag er det tid for juniorkonfirmasjon i Nedstrand sokn. 5.klassingane har gjennom året vore med på månadlege samlingar med sentrale tema om kristen tru, god mat og spennande aktivitetar. Dei har for eksempel hatt tryllekurs, livredningskurs, laga og sendt opp svevelykter og laga mat på bål. Mange av dei var òg med på 5.klasseleiren på Brandøy. Biblane sine fekk dei på konfirmantpresentasjonsgudstenesta i haust. På pinsedag kjem dei i kyrkja si for å bli bedt for og markere at tida som juniorkonfirmant er over. Me håpar dei har lært mykje, at trua på Jesus har blitt styrka.

I Tysvær, Bokn og Førresfjorden har 5.klassingane fått bibel og vore med på leir på Soknehuset eller Stemnestaden.



I Skjoldastraumen kyrkje er vårens runde med babysong akkurat avslutta. Søte små og kjekke mødrer har kome frå fjern og nær for å synge, leike og kose seg saman. Det blir nye samlingar med babysong i Tysvær, Førresfjorden og Nedstrand til hausten.

Konfirmantane har avslutta året sitt og blitt feira stort i kvar sin heim. Nokon av dei skal reise på konfACTION 2012 21. - 25. juni i Bø i Telemark som siste programpost. Neste årskull blir utfordra til å melde seg på kyrkjeleg konfirmasjon no, og årets konfirmantar blir utfordra til å bli med på MILK eller fortsette å vere med på klubb, kor, KRIK og anna kyrkjeleg arbeid.

30.mai er 13-åringane frå Nedstrand og Førresfjorden sokn inviterte til konsert og klubbkveld i Aksdal kyrkje. Her vil dei få presentert ulike klubbar og tilbod som dei kan få delta på når dei blir 8.klassingar til hausten, og kanskje blir dei kjende med nokon dei skal gå saman med på ungdomsskolen. One Way deltar og opptre, og ungdommane kan velge mellom ulike aktivitetar. Dei kan for eksempel delta på matgruppe, idrettsgruppe og musikkgruppe. Me trur det blir ein fin kveld. 13-åringar som ikkje har meldt seg på enda er hjarteleg velkomne til å gjere det.

Av bileta og tekstane nedanfor ser de at aktiviteten i Kyrkjener fortsatt er høg, variert og spennande. Alt ligg til rette for at både born, unge, familieane og tilsette skal bli rike på gode opplevingar av kristen tru, sosialt samspel og spennande aktivitetar.

**Dåpsskuleavslutning i Tysvær kyrkje 25.mars.** Det var stort engasjement då dåpsskulen saman med barnekoret song av full hals at "her er det plass for alle." Kyrkja var full, og dei som har gått på dåpsskulen på Førland og i Tysværåvåg deltok aktivt i gudstenesta med prosesjon, song og påskeopptrinn. Etterpå kom det minst 110 til kyrkjekaffi på Soknehuset. Der fekk 1.klassingane utdelt boka "Tre i eit tre."



### MILK

Leiarkurset MILK hadde ein fantastisk week-end til Bru og Stavanger 9.-11.mars. Tema for helga var "Eg og kyrkjelyden." På Bru jobba vi med fellesskapsbygging, og opplevde bl.a å gå lange strekningar i blinde, leia av ein annan. Vi måtte også utføre oppgåver der ein måtte tenke saman og finne løysingar. Milkerne overnatta ved grua i eit steinhus på Bru den første natta. Resten av helga var vi stasjonert i Vardeneset kyrkje. Der var det undervisning om gudstenesta og deltaking på ungdomsmøte og gudsteneste.

### 7.klassingane på K/M-klubben i Tysværåvåg.

Over halvparten av 7.klassingane møtte opp på klubben i Tysværåvåg lørdag 28.april. Dette kyrkjeneriltaket ønskjer å bygge opp om overgangen mellom barne- og ungdomsskolen, og målet er at mange får lyst til å delta i det kristne ungdomsarbeidet i bygda. Ein klubbkveld saman med eldre ungdommar er ein fin måte å bygge vennskap og fellesskap på. Andakten var i gymsalen med tema: "Skapt av Gud, elska av Gud, slik skal vi elske kvarandre." Her var det fletta inn praktiske oppgåver og samtale for å bygge fellesskap. Etterpå var det idrett, og seinare hamburgermeny og klubbaktivitetar på Soknehuset. Til saman var det samla mellom 40 og 50 ungdommar denne kvelden.



### 5-klasse leir - Førresfjorden 20.-22.april

**Bilde til venstre:** natursti og rappelering.

**Øverst til høgre:** bli kjent lek "liker du naboen din"

**I midten:** underholdningskveld. **Nederst til høgre:** pugging av bibelvers lønte seg - stjerne og sноп-premie.



Bilete: Torgils Hognaland

### Vafler, lappar, nestekjærleik og diakoni

Onsdag 2. mai blei det liv og røre på Allrommet på Boknatun. Dei fleste av 3. klassingane kom bort på Boknatun i regi av Kyrkjjenær. Etter ein felles intro med song, "Den miskunnsame samaritan" gjennom fortelling, bilete og ein liten "filmsnutt" og litt om "Den gylne regel" var dei alle klare for oppdraget sitt. 3. klassingane blei delte inn i tre grupper. Solveig Våga var rettleiar for dei som skulle lage kort. Eit kort dei skulle gi til dei eldre som kom på kafeen litt seinare. Simen Havikbotn, konfirmant, hjalp til og til på denne gruppa. Torgils Hognaland, konfirmant han og, var fotograf og hjelpeleiar. Sonja Mikkelsen hadde full kontroll på kjøkkenet saman med ivrige 3. klassingar som steikte deilige lappar og vafler. Leiv Våga fann fram koppar og fat saman med eit par av borna. Dei pynta fint med serviettar og blommar på borda.

Så var det tid for kafe. På Kyrkjjenærkafeen kom 8-10 pensjonistar og var i lag med oss. "Alle fugler" kunne både små og store. "Fager kveldssol smiler" kunne iallfall dei som hadde passert eit visst antal år. Vaflene og lappane gjekk ned på høgkant. Leiv Våga, nett passert 70 år, fortalde frå då han var liten gut. Då var det knekorte bukser og lunka melk på skulen. Det kunne vere farleg å drikke melka kald! Og rampestreker kunne ungene før i tida og!



Dei eldre som kom på kafeen fekk med seg eit fint kort som 3. klassingane hadde laga. "Det du vil at andre skal gjera mot deg, skal du gjera mot dei" fekk borna vist denne onsdagen i mai. Forhåpentlegvis vart det ei god oppleving for både store og små på Bokn denne dagen. Diakoni handlar mellom anna om å bry seg om kvarandre, om å sjå nesten sin. Me trur at aktivitetane og Kyrkjjenærkafeen blei ei god oppleving for 3. klassingane og nokre av dei eldste på Bokn.

## Konfirmantopplæring 12/13.

**Nå er tida snart inne for påmelding til konfirmasjon for neste år.**

Det blir konfirmantopplæring i Førresfjorden, Straumen, Nedstrand, Bokn og Tysvær. Alle 8.klassingar får tilsendt brosjyre om konfirmasjon i posten, og skulane vil få besøk frå kyrkja med nærmare informasjon om opplegg og evt påmelding/innskriving. På same måte som i skulen, skal konfirmantopplæringa vere for alle som ynskjer det. Vi legg opp til tilpassa opplæring for dei som treng det.

Har du spørsmål kan du ringe kyrkjekontoret for nærmare opplysningar. Se også kyrkja si nettside: tysvaerkirken.no Påmelding på denne nettsida. Velkommen til eit nytt konfirmantår!

### Våren 2013 blir konfirmasjon avvikla desse dagane:

Bokn kyrkje 28.april  
Skjoldastraumen kyrkje: 28. april  
Aksdal kyrkje 4.og 5.mai  
Tysvær kyrkje 5.mai  
Nedstrand kyrkje: 5. mai



### Etter skoletid i Aksdal Kyrkje

(Tekst: Marta Fjeldheim)

Etter skoletid er et tilbud til 4.- 7. klasse elevene på Grinde, Førre og Frakkagjerd barneskoler om onsdagene fra kl. 12 til kl 15.30. Denne skoledagen er kort for disse klassetrinnene og de har ikke noe tilbud på skolen etter endt dag. Opplegget er et fritidstilbud for alle og samtidig inngår dette som en del av kirka sin trosopplæring.

Nå har vi hatt dette tilbudet i Aksdal kyrkje ett år. Siste halvåret har det vært påmeldt 30 barn, med noe ulikt fremmøte fra gang til gang. Det har vært koselig

å bli kjent med nye barn. Barna gir uttrykk for at de liker seg. Dette synes vi er flott. Det er 8-9 voksne ledere med hver gang som også trives i møte med barna og de oppgavene de har fått.

Alle barna er med på leksehjelpen og på samlingene i idrettshallen eller andre hobbyaktiviteter. Litt matlaging har det også blitt. På samlingen i kirkerommet er det undervisning i det kristne budskapet og sang. Her bruker vi prestene våre og andre kirkeansatte samt ansatte fra organisasjonene.

I samlingene har vi via internett fulgt Gjermund Lygre sitt arbeid i Mali. Derfor har vi hatt innsamling til tørkekatastrofen i Mali og sendte kr 2000 dit. Viktig og lærerikt for barna å være med også på slike tiltak. Vi avsluttet dette semesteret med en utstilling av det som barna hadde laget, samling i kirkerommet sammen med foreldre og kaffe og mat. Dette ble en koselig avslutning.

Etter skoletid begynner igjen onsdag 12. september, og det vil bli delt ut invitasjon på skolene og det ligger også ute på nettet [www.tysvaerkirken.no](http://www.tysvaerkirken.no) under Førresfjorden og aktivitet for barn.





## Bibelskolen våren 2012

av Gjermund Lygre

**Dette året byrja vi med ein god festkveld. Fest fordi vi hadde mange elevar og fordi det nye undervisningsbygget stod klart til det nye semesteret.**

På bildet øverst på denne sida er «sjefsgjengen» for bygget samla. Frå venstre Alf Halvorsen, arkitekt og økonomiansvar, kyrkjepresidenten Adama Bah, Juckou Konaté, ansvar for sjølve bygginga og til slutt rektor Gjermund Lygre.

Vi drøyer om at vi skal få til eit radiostudio med antenne og alt som trengst for å kunne sende radio-program frå bibelskolen. Der vi står på dette bildet drøyer vi om eit radiostudio. Her håpar vi å gje elevane opplæring i radioarbeid slik at dei både kan gjere eit arbeid på bibelskolen, men og i den lokale radioen der dei kjem frå. På denne måten kan vi nå langt ut til mennesker i området med gode program om livet i all dets mangfald og med evangeliet. Dette året var det 8 menn og 7 kvinner som gjekk på bibelskolen. Alle-kvinner, menn og barn var med på samlingane om morgonen og om kvelden. Tatou Cissé, tidlegare elev og ein av kvinneleiarane i kyrkja hadde lese og skrivopplæring for kvinnene. Dei fekk og noko bibelundervisning.

Her er kvinnene som gjekk våren 2012. Tatou Cisse, læraren er nummer to frå venstre i bakre rekke.

Nokre globale disiplar frå GUS og ein volontør var på bibelskolen ein dag i veka i ein periode og leika med barna. Dette var godt for barna og til glede for dei globale disiplane og volontøren.

Vi var fleire som underviste mennene som vanleg. Eit høgdepunkt var då Gerson Celeti frå Gå Ut Senteret kom og hadde eit seminar om seksualitet og seksuelt misbruk. Han hadde god og tydeleg undervisning om dette. Den veka var det deltakerar frå alle dei fire distrikta til kyrkja.

Kyrkja treng å få heve sin kompetanse på dette området. Så dette er noko vi skal jobbe meir med. Kvar måndag var det evangelisering mellom anna i fengselet. Mansadji, ein landsby ca 17 km frå



Bafoulabé fekk også jevnlege besøk frå oss. Fleire gode opplevingar fekk vi del i der. Mellom anna var det flott å sjå to av elevane som forkynte og vitna på ein framifrå måte som gjorde stort inntrykk på dei som deltok på møtet. Det gir også håp for framtida til kyrkja. Ei anna oppleving var då vi kom til Mansadji ein gong og fekk ta del i forbøn for ein brønn! Før dette hadde vi gitt litt hjelp til å kjøpe dynamitt og fenghetter. Desse hadde dei ikkje fått til å virke. Tolkninga deira var at det var vonde ånder som stod bak dette og som ville øydeleggje for landsbyen. Etter møtet den dagen gjekk vi alle ned og ba for brønnen og la den og dynamitten i Guds hender. Vi reiste heim etterpå og var spente på korleis dette ville gå. Nokre dagar seinare fekk eg telefon og då var det ein glad mann som kunne fortelje at no hadde dei fått dynamitten til å virke og dei store steinane var blitt håndterbare. Kva som skjedde veit vi ikkje, om det var vonde ånder eller mangel på teknisk innsikt, som hadde hindra eksplosjon. Vi gler oss uansett over resultatet. No nærmar dei seg vatn, men ver med og be om at det må bli ein god brønn. Landsbyen har nesten ikkje vatn no. Her er bilde av nokre av barna og ungdomane i Mansadji.

Karim Fofana, pastor i Bafoulabé og vaktmester på bibelskolen har stått på med ETD undervisning kvar onsdag. ETD er eit bibelstudieopplegg kor dei skal jobbe med ulike temaer, det nye testamentet bøn mm og svare på spørsmål kvar dag. Ein dag i veka er det tid for revisjon, tid til samtale og hjelp til den som ikkje har forstått. Før avslutninga fekk Karim også avvika eksamen for dei som hadde fullført ei bok.

Vi fekk ei spesiell avslutning i og med statskuppet som skjedde den 22 mars. Dei to siste vekene skulle eg hatt ansvar for undervisninga, men på grunn av statskuppet vart eg sitjande fast i Bamako. Eg var i Bamako for å fylgje familien til flyplassen. Dei skulle opprinneleg reist heim fem veker før meg. Men slik



vart det ikkje. Før me drog frå Bamako og Mali fekk me, det vil seie Alf Halvorsen og underteikna via telefon tak i gode erstattearar som tok ansvaret for undervisninga i mitt fråvære. Mobiltelefonen er ein god ting. Takka vere den fekk vi planlagt mykje over telefonen. Karim Fofana, og Adama Bah, kyrkjepresident og medlem av bibelskulekomiteen tok også turen frå Bafoulabé til Tambaga og fekk eit møte med Alf H. der dei fekk førebudd spørsmåla til eksamen saman. På denne måten vart også eksamen vel gjennomført. Karim F. og Adama B tok ansvar saman med andre i Bafoulabé og fekk avvika ein god avslutningsfest for elevane. Alle elevane kom seg vel heim etter endt semester.

**Konsert 24. juni, Skjoldastraumen Kyrkje kl 20.00  
Bill kr 200**

## Tenorane Hundsnes & co

“Fantastiske Tenorar” skreiv Tysvær Bygdablad etter julekonserten i Tysværtunet i fjor. Denne konserten var gruppa sin debutkonsert, og nå kjem dei tilbake til Tysvær med konsert i Skjoldastraumen kyrkje søndag 24. juni.

Her vil publikum bli servert ein variert meny av klassiske svisker, musikalsongar og viser. Alt baka inn i ei uformell og humorfylt ramme.

Tenorane vil blant anna synge Funiculi funicula, Schraders’s Sommer-natt og That’s Amore, men også andre favorittsøngar som ein ikkje nødvendigvis høyrer for ofte, som Ragnar Hovlands vakre gjendikting av “You’ll Never Walk Alone”, “Eg er alltid der hos deg”.

Tenorane er tysværing Henrik Hundsnes, stordabu Aasmund Kaldes-tad og trønderen Ola Marius Ryan. Med seg bak pianoet har dei Bjørge Verbaan.

**Velkommen til ein kveld med kraftfull og vakker tenorsong.**



## nytt frå kyrkjeverja



Som planoversikta for kyrkjegarden viser, vil det bli gjort endringar på kyrkjegarden på dei stradene som er farga grønt. På felta nedanfor bårehuset vil det bli fylt opp ny masse med 1-1,5 meter. Gravminna blir då tätt vekk mens arbeidet pågår og blir sett tilbake etterpå.

Rettt aust for kyrkja vil det bli opparbeidd nokre små gravfelt og det vil komme sittegrupper og vannpost her.

Det vil bli satt opp natursteinmur langs vegen som går midt i kyrkjegarden. På felta mot nord kjem det også sittegrupper og det vil bli natursteinmur mot elva.

Vi vil også sørje for at det blir betre plass å gå når ein går ut av kyrkja og svinger ned mot bårehuset. Arbeidet håpar vi kan gjennomførast i 2013. Dei som festar gravene som blir berørte vi få eige brev om dette.

av Terje Fjeldheim

## Ombygging - omregulering av Skjoldastraumen kyrkjegard

## Slaveri

av Lisa Lilleskog



**Lisa Lilleskog** er ifrå Skjoldastraumen og er tilknytt Ungdom i Oppdrag.

I Kyrkjetonar vil Lisa fortelja om kvardagen som medarbeidar i UIO, og motivasjonen for å tena Jesus på denne måten.

**Les meir om Ungdom i Oppdrag på:**  
[www.ywam.no](http://www.ywam.no)  
[www.uioskien.no](http://www.uioskien.no)

"Herrens Ande er over meg, for at han har salva meg til å forkynna ein god bodskap for fattige. Han har sendt meg for å ropa ut at fangar skal få fridom, og at blinde skal få sjå, for å setja undertrykte fri og ropa ut eit nådeår frå Herren." Lukas 4.18,

Er menneske undertrykte, fanga og blinde i dag, finnes slaveri? JA i mange former og no vil eg slå eit slag for dei som er utsett for menneskehandel og då spesielt sexhandel. Menneskehandel er mykje meir enn bare sex handel og ønskjar du å finne ut meir, er dette fult mogleg. (Kan også spørje meg)

I dag er det over 30 millionar slavar. Menneskehandel er den nest største globale organiserte kriminaliteten i dag, og det veks. Over 25 prosent av sex trafikkerte ofre blir selde frå Sør- og Øst Europa. 90 % av ofra for menneskehandel i EU medlemslandene vil ende opp i sex industri.

Kan du og eg gjera ein forskjell, når problemet er så stort? Ja, det er akkurat det me kan. Du og eg kan ikkje redde alle, men me kan alle gjera noko for å redde/ hjelpa ein person ut av slaveri! Måten ulike organisasjonar jobbar er ved å forhindra at menneske

blir trafficked, beskytta og støtta dei som er blitt det, partner med politi, advokatar, helseparsonell og få dømt dei som driv med menneskehandel.

Du og eg kan støtta organisasjonar som arbeidar for dette, slutte og kjøpe/ sjå porno, kjøpe fairtrade kaffi, sjokolade og liknande. Kva er di oppgåve i forhold til dette? For meg i dag er det å bringa dette tema opp og gjera det klart for menneske at det skjer, også i Noreg og i Haugesund/ Tysvær.

Eg kan ikkje bare lukka auga mine og lata som det ikkje fins, eller ikkje gjera noko med det. Dette har noko med at eg ønskjer rettferd og som du veit er alt eg vil å gjera det Gud vil at eg skal gjera. Og eg veit at det ikkje alltid vil vera eit lett liv, men den rette vegen å gå er alltid best. I salme 37:3 står det "Lit på Herren OG gjer det gode..." det vil sei at eg må stola på han, han har kontroll, men også eg må gjera det som er godt, for andre. Noko med det at viss/når ein sjølv har eit problem og hjelp andre vil Gud hjelpa meg.

Alle er "kalla" til å hjelpa andre, men kanskje ikkje retta mot menneske handel. Så kva er DITT neste skritt for å gjera noko for andre og rettferd??

## Hinderåvåg kvinneforening

tekst: Ingrid H. Landro/ foto: Ingrid Fjell

**Hinderåvåg kvinneforening, knytta til Det norske misjonselskap, har lange tradisjonar, men blei blåst liv i igjen for eit par år sidan.**

Her er me samla kvinner i ulike fasar av livet, med eit stort aldersspenn, men med ei felles tru og engasjement for misjon.



Me samlast i heimane ein mandag i månaden rundt handarbeid, god mat, song, bøn og Guds ord. Kvar gong samtaler me om arbeidet på misjonsmarka, gjerne knytta til ein tekst frå samtalehefta som NMS har laga. Me deler erfaringar og engasjement, historiar om levd liv, sorg, gleder, kvardag og fest, og avsluttar samlingane med bøn for kvarandre, kyrkja

og misjonsarbeidet. På bileta kan de sjå fine damer i sin beste alder, samla til måltid og god drøs hjå vertinna for kvelden 14.mai, Ingrid Fjell.



foto: Elisabeth Fauskanger

## Aktivitet på Vatland bedehus

av Anne Marie Leth

Fredag 23. mars var store og små samla til BASAR på bedehuset. Det var Fredagsklubben på Vatland som hadde den årlege basaren. Gevinstane var både ting som borna hadde laga og ting me hadde fått. Det som kanskje var mest spanande for dei mindre, var kven som skulle vinna løa, som stod på bordet. Den hadde alle borna i klubben vore med på å laga. Pengane som kom inn, er sende til Det Norske Misjonsselskapet.

Gunvor Hustoft hadde andakten. Med bilete på flanellograftavla fekk ho alle til å følgje godt med då ho minna oss om kvifor me feirar påske, og kva Jesus har gjort for oss.



foto: Elisabeth Fauskanger

Palmesøndag var me samla på Bedehuset att, nå til Palmesøndagsskule. Denne gongen hadde me besøk av søndagsskulekonsulent Elisabeth Vatland Fauskanger. Ho gjorde påskeevangeliet levande med å syna ting som ho knytte til forteljinga. Etterpå fekk store og små, alle som ville, mala påskeegg. Det vart mange fine kunstverk. Og frå kjøkkenet anga det godt. Det stod Sølvi Ann og Silje og steikte pannekaker til heile gjengen.

Snart er det Misjonsbasar på Vatland att. 3. pinsedag er fast basardag for NMS sin kvinneforening. I år er det 29. mai, og alle er velkomne.

foto: Brita Harboe



# Bli med på Supersøndag

2. sept 2012

i Grinde og på Stemnestaden, Tysvær



**Kl. 11.00**

**Flying-start på dagen i Skjoldhallen i Grinde med Jarle Waldemar**

**Fra Kl. 12.00**

**Mange ulike aktiviteter for både barn, ungdom og voksne på Stemnestaden Fotball-cup og ball-aktiviteter på kunstgressbanen i Grinde.**

**Salg av mat og drikke flere steder.**



**Kl. 16.00**

**Stor Familiekonsert med Jarle Waldemar og kor i Skjoldhallen.**

**Påmelding:**

**Til fotball-cup og sang med Jarle Waldemar innen 6.august til mob 95274976/ mail karmsund.sunnhordland@sondagsskole.no.**

**NB: Ingen påmelding til aktivitetene**

**Dagspris:**

**Alle aktiviteter, fotball -cup og Jarle Waldemar inkludert kr 100,- pr.pers.**

**Familie pris (max 2 voksne + barn) kr 500,- Barn u/2 år gratis.**

**Kun konsertbillett kl. 16 kr 100,-**





Familien Sande i Trinidad de Dios hvor det nå er en yrkesskole, en fotballbane og en barneskole.

## 5 år i Ecuador er over

av utsendingene Siv Anett og Kjetil Sande fra Misjonsalliansen

Vi reiste til Ecuador spente, fulle av forventninger og åpne. Åpne for livet, lærdom og å bli kjent med et nytt språk, land, kultur, mennesker og arbeid. Spente på alt det nye og på hva Gud ville bruke oss til. Forventninger om forandringer og et annerledes liv. Vi har fått vært en del av et fantastisk arbeid som virkelig er med på å forandre folks liv og som gir mennesker en ny sjanse. Et arbeid som også har forandret seg på disse 5 årene fra å være institusjonsbasert til å bli mer lokalsamfunnsbasert. Fra å jobbe direkte med skoler, kirker, fotballbaner og helseinstitusjoner til at disse nå jobber sammen innenfor sitt lokalsamfunn.

### Det nytter

På gjestehuset Casa Alianza og på volontørvelder har vi blitt kjent med 130 volontører og studenter foruten alle de nordmenn vi har hatt på omvisning og besøk. Vi har sett rundtom tjue skoler som har gått fra bambusklasserom til flere klasserom i sement. Noen skoler har myndighetene virkelig tatt tak i og bygget en helt ny skole. Vi har fått være med på skole-

åpninger hvor det før ikke var noe gratis offentlig tilbud til barna. Flere tusen barn og unge har fått skolegang og gått på skoler hvor pedagogikken har forbedret seg. Et godt antall pastorer og ledere i kirkene har fått organisert seg, blitt kurset i diakoni, kirkelig ledelse, miljø og barne og ungdomsarbeid. Mange tusen barn, unge og voksne har fått informasjon om hiv og aids. Handikapsentrene, Creer, har også fått kurset lærere i en nyttig, praktisk undervisningsmetode, fått nye klasserom, treningsleilighet, doer, vaskeri og undervisningsmateriell. Flere hundre barn og unge har fått spilt fotball og unngått å havne i dårlige miljø preget av rus. Fantastisk! En drømmejobb og epoke i livet er over.

### Utfordrende å leve i to verdener

Det vanskeligste har vært, foruten at en hele tiden må kommunisere på et annet språk og leve med kulturforskjellene, å hver dag reise fra mennesker vi har lyttet til som strever for å få endene til å møtes. Mennesker som lever i et samfunn som er blottet for ivaretagelse og hvor den sterkeste rett gjelder. Som



Slik så det ut da vi var med på dugnaden i 2007.

ikke har de systemer, tilbud og ordninger vi har i Norge i.f.t. helseoppfølging, utdanning, arbeidsforhold og rettigheter. Og da leve med en fot i arbeidet til Misjonsalliansen og de fattige områdene vi jobber i, til å ha den andre foten i "de rikes verden" og vite at vi er forsikret i bauer og kanter. Dette har vært utfordrende å leve i. Vi kan reise til en velfungerende verden når som helst. Hvorfor er vi så heldige som ble født i Norge? Alle er vi et produkt av vår historie, kultur og oppvekst. Utenpå er vi forskjellige, inni er vi ganske like. Vi har iallefall samme primærbehov og behov for kjærlighet og medmennesklighet. Vi har samme drømmer og framtidsplaner, men vi som nordmenn har større muligheter for å nå dem.

### Mye å takke for

Vi reiser hjem med to barn, minner fra et flott land og kontinent, flotte, fleksible, lekende mennesker, tålmodige og flinke kollegaer. Med en visshet om at det nytter å gi. Sikre på at Gud hadde en plan med å ha oss i Ecuador og en plan med Misjonsalliansens arbeid i vårt andre hjemland. Tusen takk for at dere har vært med å be for oss og arbeidet, og for de gaver dere har gitt. Dere er virkelig med på å forandre menneskers liv, gir mennesker mer tro på seg selv og fremtiden. Fortsett å be for Ecuador og arbeidet Misjonsalliansen gjør her, og om at Guds kjærlighet må blomstre i hjertene til våre venner her ute. Tusen takk for at dere bryr dere!

## Bønn for Tysvær

Av: Bønn for Tysvær v/ Gudmund Ølstørn

Velkommen til bønn for Tysvær kommune. I Aksdal kyrkje, Kyrkestova hver mandag fra 20. august kl. 12.00-13.00

arr: Tverrkirkelig bønnefelleskap.

Jerm. 29,7. 1. Tim 2, 1-4. Luk. 11.9-10.

### Faste bønneemner:

#### Politiet

Om visdom og dyktighet til å løse problemer og utfordringer på en god måte. Om velsignelse over deres hjem og familier. Om nedgang i rusmisbruk og kriminalitet. Om ærlighet og lovlighet i folket. At Tysvær er en trygg kommune å bo i.

#### Helse og omsorgsetaten

Om trivsel og effektivitet i helse og omsorgs-arbeidet. Nok sykehjemsplasser i kommunen til de som trenger det. Velsignelse over helsearbeiderne og deres familier.

#### Skolevesenet

Et godt og kreativt skolemiljø uten mobbing. Ro og trivsel i klassene. Visdom og styrke til lærerne å takle utfordringer. Høy faglig kompetanse.

#### Kommunens økonomi

Visdom i forvaltning og investering av økonomien. Mange nye og gode arbeidsplasser. God lønnsomhet for bedriftene. Trivsel på arbeidsplassene.

#### Politikerne

Om visdom og god innsikt når politiske beslutninger for kommunens framdrift blir tatt. Om trivsel i arbeidsmiljøet på rådhuset. Om velsignelse over deres hjem og familier. For Norge. Kongen. Storting og Regjering.

## Årsmøte

for Soknaton bedehus

Onsdag 13. juni  
kl. 19.30

andakt: Dag Tormod Milje




## Møteveker

Skjoldastraumen kyrkje

7. – 19. august 2012  
kl. 19.00 kvar kveld


Med: Nils Kåre Strøm, Anne  
Kristine Rosberg og Geir  
Arne Eriksen





## Prikk til prikk

Tegn en strek fra 1 til 2 og så videre. Hva skjuler seg her?



## Finn fem feil

De to bildene er nesten like. Finner du de fem feilene på bildet til høyre?



## BARNAS

14 blader + DVD + CD  
= kun 359,-

(privatabonnement  
hjem i posten)  
Gruppeabonnement  
kun 179,- pr barn



Bestill på  
barnas@sondagsskole.no  
eller på telefon 22 08 71 00



# Gjennom livet

## Døpte

### Førre kirke

4.3 Linea Søvik Eriksen  
Robin Haugen  
Martine Andrea  
Risanger Rushfeldt  
Mie Strand Maagerud  
Trine Bjørnsen Leland

1.4 Kajsa Koch  
Odin Sandvik Håland  
Nicholas Nordgård  
Noah Valentinsen Hovland

### Aksdal kyrkje

22.4 Vilde Sahlén

29.4 Talette Vormestrand  
Ullensvang  
Tonje Haraldseid Westvik

6.5 Mathias Martinsen Frantsen  
(Vår Frelsers kirke)

### Bokn kyrkje

18.3 Julie Kro Birkeland

1.4 Maria Soares Hosaas  
Marius Sæbø

### Skjoldastraumen kyrkje

4.3 Mira Søvik

25.3 Jakob Nyvoll Stokka

### Nedstrand kyrkje

25.3 Adrian Pedersen

8.4 Lars Johan Amdal-Rise

6.5 Lene Radhika  
Stavland Stråbø

## Vigde

### Tysvær kyrkje

28.4 Anne Lise Erland  
og Arild Skogland

28.4 Anne Lise Jakobsen og  
Christian Antonio Figueroa Figueroa

### Bokn kyrkje

12.5 Terese Våge og  
Tor Henning Kristoffersen

## Jordfesta

### Skjoldastraumen kyrkje

22.4 Einar Lauritsen Ørke  
27.4 Cecilie Stakland  
8.5 Svein Magne Yrke  
11.5 Rakel Gurine Hemnes

### Nedstrand kyrkje

11.4 Kåre Birger Sande  
17.4 Oddbjørg Hundsnæs

### Tysvær kyrkje

10.4 Bertha Amundsen  
25.4 Sverre Håland  
4.5 Aage Haugsnes

### Førre kirke

28.3 Kjell Olaisen  
3.4 Magda Kristofa  
Åsland Skogen  
12.4 Hanna Sofie Aasbø  
26.4 Arne Bernhard Kallevik

### Aksdal kyrkje

3.5 Andreas Stakkestad

### Bokn kyrkje

9.3 Ole Borgenvik

## Preiketekstane

27.mai	<b>Pinsedag</b>	Joh 14, 15-21
28.mai	<b>2.pinsedag</b>	Joh 6, 44-47
3.juni	<b>Treenighetssøndagen</b>	Luk 10, 21-24
10.juni	<b>2.sønd i treenighetstiden</b>	Joh 3, 26-30
17. juni	<b>3.sønd i treenighetstiden</b>	Joh 1, 35-51
24.juni	<b>4.sønd i treenighetstiden</b>	Matt 16, 24-27
1.juli	<b>5.sønd i treenighetstiden</b>	Matt 7,21-29
8.juli	<b>6.sønd i treenighetstiden</b>	Matt 16, 13-20
15.juli	<b>7.sønd i treenighetstiden</b>	Luk 19, 1-10
22.juli	<b>8.sønd i treenighetstiden</b>	Mark12,37b-44
29.juli	<b>9.sønd i treenighetstiden</b>	Joh 8, 2-11
5.august	<b>10.sønd i treenighetstiden</b>	Matt 18, 21-35
12.august	<b>11.sønd i treenighetstiden</b>	Mark 2, 23-28
19.august	<b>12.sønd i treenighetstiden</b>	Luk 8, 1-3
26.august	<b>13.sønd i treenighetstiden</b>	Luk 12, 41-48
2.sept	<b>Vingårdssøndagen</b>	Luk 17, 7-10
9.sept	<b>15.sønd i treenighetstiden</b>	Luk 10, 38-42
16.sept	<b>16.sønd i treenighetstiden</b>	Matt 5, 10-12
23.sept	<b>17.sønd i treenighetstiden</b>	Luk 7, 11-17

## Møter i Aksdal kyrkje

tirsdagar kl 19.30

5.juni	Norsk Luthersk Misjonssamband
7.august	Norsk Luthersk Misjonssamband
14.august	Gideon
21.august	Den indre sjømannsmisjon
28.august	Det norske misjonsselskap
4.september	Normisjon
11.september	Den norske Sjømannsmisjon
18.september	Norsk Luthersk Misjonssamband
25.september	Normisjon

# Velkommen til kyrkje



## Tysvær kyrkje

**27.mai kl 11.00**

Gudsteneste ved Arne Aurdal.

**10.juni kl 11.00**

Gudsteneste ved Arne Aurdal.

**1.juli kl 12.00**

Gudsteneste ved Bård Egil Dyrhol.

**22.juli kl 11.00**

Gudsteneste ved Arne Aurdal.

**5.aug kl 11.00**

Gudsteneste ved Dag Tormod Milje.

**12.aug kl 19.00**

Jazzmesse ved Norodd Stavenjord.  
Lars Johannes Liknes, forsongerar og husband.

**26.aug kl 11.00**

Gudsteneste ved Arne Aurdal.

**9.sept kl 11.00**

Gudsteneste ved Arne Aurdal.  
Konfirmantpresentasjon.  
50-årskonfirmantane inviterte.

## Bokn kyrkje

**3.juni kl 11.00**

Friluftsgudsteneste Loten ved Arne Aurdal.

**24.juni kl 11.00**

Gudsteneste ved Arne Aurdal.

**8.juli kl 12.00**

Gudsteneste ved Bård Egil Dyrhol.

**29.juli kl 12.00**

Gudsteneste ved Bård Egil Dyrhol.

**19. aug kl 18.00**

Gudsteneste ved Dag Tormod Milje.

**2.sept kl 11.00**

Gudsteneste ved Arne Aurdal. Konfirmantpresentasjon.

## Nedstrand kyrkje

**27.mai kl 10.00**

Gudsteneste ved Dag Tormod Milje.

**3.juni kl 11.00**

Gudsteneste ved Sigrunn Hagen Arnesen.

**17.juni kl 11.00**

Friluftsgudsteneste i Leirong ved Dag Tormod Milje.

**1.juli kl 10.00**

Gudsteneste ved Bård Egil Dyrhol.

**15.juli kl 10.00**

Gudsteneste ved Arne Aurdal.

**29.juli kl 10.00**

Gudsteneste ved Bård Egil Dyrhol.

**12.aug kl 11.00**

Gudsteneste ved Norodd Stavenjord.

**26.aug kl 11.00**

Gudsteneste ved Dag Tormod Milje.

**9.sept kl 19.00**

Lovsangsgudsteneste ved Arne Aurdal. Ingrid H Landro og forsongerar.

## Skjoldastraumen kyrkje

**27.mai kl 12.00**

Gudsteneste ved Dag Tormod Milje.

**10.juni kl 15.00**

Gudsteneste ved Arne Aurdal.

**24.juni kl 11.00**

Gudsteneste ved Dag Tormod Milje.

**15.juli kl 12.00**

Gudsteneste ved Arne Aurdal.

**5.aug kl 15.00**

Gudsteneste ved Dag Tormod Milje.

**19.aug kl 11.00**

Friluftsgudsteneste på Freiåsen ved Dag Tormod Milje.

**2.sept kl 15.00**

Gudsteneste ved Dag Tormod Milje.

## Aksdal kyrkje

**27.mai kl 11.00**

Gudstjeneste ved Bård Egil Dyrhol.

**10.juni kl 11.00**

Gudstjeneste ved Norodd Stavenjord.

**17.juni kl 11.00**

Gudstjeneste ved Bård Egil Dyrhol.

**17.juni kl 19.00**

G19. Ungdomsgudstjeneste.

**24.juni kl 11.00**

Gudstjeneste ved Bård Egil Dyrhol.

**8.juli kl 10.00**

Gudstjeneste ved Bård Egil Dyrhol.

**22.juli kl 11.00**

Gudstjeneste ved Bård Egil Dyrhol.

**22.juli kl 19.00**

G19. Ungdomsgudstjeneste.

**5.aug kl 11.00**

Gudstjeneste.

**26.aug kl 11.00**

Gudstjeneste ved Bård Egil Dyrhol.

**9.sept kl 11.00**

Gudstjeneste ved Bård Egil Dyrhol.

## Førre kirke

**3.juni kl 11.00**

Gudstjeneste ved Bård Egil Dyrhol.

**2.sept kl 11.00**

Gudstjeneste.